



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE

TV-AKSJONEN I BYGLAND 20. OKTOBER - SAMAN FOR SMÅ HELTAR!

LES MEIR - S. 8/9 <<<

Funn frå graver på Neset og på Frøysnes blir presentert i ny vikingutstilling i gamle bankhvelvet i Bygland sentrum, 26. oktober. Same dag blir det skipa til Europeisk kulturminnekonferanse på Bygland kulturscene



Merketider oktober:

- Bygland tannklinikken: **Mellombels stengt - tilbudet blir flytta til Evje frå 01.10.**
- Helse og livmeistring: **Verdensdagen for psykisk helse - torsdag 10.10.**
- TV-aksjonen i Bygland: **Bøssebærarar går rundt søndag 20.10.**

>>> LES MEIR - S. 12

Årets TV-aksjon gjeng til Barnekreftforeninga. Bygland Frivilligsentral koordinerer TV-Aksjonen 2024 søndag 20. oktober. Bøssebærarar går rundt i heile kommunen og skulane bidrar med fine aksjoner på Byglandsfjord og Bygland.

BYGLAND I VIKINGTIDA - NY UTSTILLING OG EUROPEISK KULTURMINNEKONFERENS



ORDFØRAREN SI SIDE

OKTOBERHELING FRÅ ORDFØRAREN

Endeleg nærmar det seg tida for opning av ungdomsklubb og bibliotek.

Me treng gode og tilgjengelege møteplassar for å få til felleskap, sosiale samver og inkludering. Det gjeld for folk i alle aldre. Difor er det godt å vite at både ungdomsklubb og nytt bibliotek åpner snart.

Også Pakkbua på Byglandsfjord, der ei arbeidsgruppe sett saman av folk i alle aldre har eitt konsept klart. Det vil koste å sette Pakkbua i ein slik stand at den kan fungere som ein åpen og tilgjengeleg møteplass for alle, men det er det verdt, meiner eg. Den saka blir ein del av budsjetthandsaminga i desember.

Det skjer mykje bra i Bygland kommune. Mellom anna KVS Bygland har verkeleg gode søkertall og har no godt og vel 90 elevar. Det seier noko om at KVS Bygland er ein attraktiv skule som tek godt vare på ungdommane med gode studietilbod. Med sine 90 elevar er dei også ein stor ressurs i «vårt eige» barne- og ungdomsmiljø, med sine elevverksemdar og i samarbeid med ungdomsrådet i Bygland.



ORDFØRAREN I BYGLAND, RUNAR GRANHEIM

I starten av oktober skipa rådet for eldre og folk med funksjonsnedsetting «Eldredagen». Det å legge til rette for gode liv i alle aldre er fundamentalt. Det handlar om busituasjon, digital kvardag, og gode møteplassar som sagt. Eldrebølga blir ofte omtalt som ei utfordring og som noko krevande,- vi burde snakke meir om kor enorm ressurs den bølga utgjør for oss!

Eg er imponert over all frivilligheit og dugnadsand vi har i Bygland kommune. Særleg dei eldre er jo ein kjemperessurs i det frivillige!

Alle Med dugnadar har no blitt gjennomført både for dei unge og for vaksne, med mange konkrete og gode innspel til kva me kan gjere for å få nettopp alle med og inkludert. Skal me få det til treng me nettopp at alle er med. Det arbeidet kjem til å fortsette.

Eg er imponert over arbeidet til Anne Fauske som leiar for Frivilligsentralen, det ho får til, det ho koordinerar og evna hennar til å samle laget. Vi er heldige som har slike flinke folk!

Med hausten blir det mørkare og kaldare, og for mange tyder det meir tid heime, og for ein del blir einsemda også meir tydeleg då. Desto viktigare blir møteplassane og dei frivillige. Vi kan vedta å prioritere møteplassar, levekårsatsing og støtte kulturelle opplevingar, men vi kan ikkje vedta at folk må ta vare på kvarandre. Det er opp til kvar og ein av oss. Difor sluttar eg av med den oppmodinga: Ta vare på kvarandre!

Mvh Runar Granheim





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



- Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00
- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag, onsdag, torsdag kl. 08.00 - 15.00
 - EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

BYGLAND TANNLEGEKLINIKK



MELLOMBELS STENGING AV BYGLAND TANNKLINIKK

Frå 01.oktober 2024 vil alle pasientane våre får tilbod om behandling på Evje tannklinikk.

Alle pasientar som skal møte på Evje tannklinikk i staden for Bygland, vil få sms om dette i god tid før timen.

Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95

Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)



FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: tlf. 945 22 025

- BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 24, 4745 BYGLAND
STENGT OKTOBER UT GRUNNA FLYTTING TIL NY BYGG.

Biblioteket på Bygland opnar att i ny lokale (Sentrum 16, "Gamle banklokale") etter haustferien.

- BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741
BYGLANDSFJORD

OPNINGSTIDER (INNTIL VIDARE):

- mandagar kl. 17.00 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 -12.00
- onsdagar kl. 17.00 - 19.00





NYE KOLLEGAER I BYGLAND KOMMUNE



DEN NYE OPPVEKSTSJEFEN I
BYGLAND, SIMON ELLINGSBERG
FOTO: PRIVAT

KOMMUNALSJEF OPPVEKST **SIMON ELLINGSBERG**

Som kommunalsjef vil eg ha eitt overordna fagleg ansvar for tenester innan oppvekst. Eg vil også følgje levekårsutvalet saman med kommunalsjef helse Leif Sigurd Helle.

Levekårssatsing vil være sentralt i arbeidet framover, her må me jobbe på tvers av fagområda, og også i samarbeid med innbyggjarane i kommunen.

Eg starta i stillinga 1. august, kom da frå stilling som rådgjevar i Agder fylkeskommune. Før det har eg arbeida som leiar på eitt oppvekstsenter, rektor, inspektør, rådgjevar og lærar. Har altså ei brei erfaring frå store oppvekstsektoren.

Eg gleder meg til å være med på å vidareutvikle fagmiljøet som utgjør laget rundt barna i barnehage og skule. Eg ser frem til å bli betre kjent med både tilsette, barn, unge, politikarar og føresette i Bygland.

Mvh Simon Ellingsberg

POLITISKE MØTE - OKTOBER 2024



Plan-, miljø- og ressursutvalet: 01.og 22.10. kl. 09.00

Levekårsutvalet: 02. og 23.10. kl. 09.00

Formannskapsmøte: 03. og 22.10. kl. 09.00

Kommunestyremøte: 16.10. kl. 09.00



Kommune-TV - streaming av kommunestyremøte

I formannskapsmøtet 03.10. informerte ordføreren Runar Granheim om at kommunestyremøtene blir video-strima frå neste år av.

Midlane for utstyr og lisens blir lagt inn i budsjetthandsaminga for 2025.



HØYRINGAR OG KUNNGJERINGAR



Kunngjering av planvedtak; Detaljreguleringsplan for Hamren

I samsvar med pbl §12-12 godkjende kommunestyret i møte 19.09.2024 i sak 94/24 detaljreguleringsplanen for Hamren med planID 202101.

Du finn dokumenta på Bygland kommune si heimeside.

Ei eventuell klage må bli sendt **innan 17.10.24** med post til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland, eller på e-post: post@bygland.kommune.no.





NYTT FRÅ EININGANE

>>> PLEIE OG OMSORG

Aktiviteter på Byglandsheimen i oktober

- 16.10. kl. 11:00 Open dag, Ragnar Kaasa kjem og les
- 22.10. kl. 14:00 Andakt med Kjell
- 24.10. kl. 14:00 KVS Diakonalt arbeid, valfag: Songstund
- 30.10. kl. 13:30 Konsert Leif Inge Thormodsæter
- 31.10. kl. 10:30 Seniorshop - klesbilen



>>> HELSE OG LIVSMEISTRING

Influensa- og koronavaksinering hausten 2024

Denne hausten kan dei som er anbefalt å ta influensa- og koronavaksine, ta både vaksinene samtidig, om du ønskjer. Det blir vaksinering på i Evje og Hornnes og Bygland 5. - 7.11. Hugs å bestille time i forkant.



Hvem anbefales å ta vaksine?

- Alle over 65 år bør ta begge vaksinene.
- Dei som er kronisk syke, har alvorlig fedme eller er gravide bør også ta vaksinene. Snakk med legen din om du er usikker på om det gjelder deg.

Ikke i målgruppa?

Ønskjer du vaksine selv om du ikkje er i dei nevnte målgruppene? Du kan likevel bestille time og ta vaksine. Bestill time på samme måte som dei som er i målgruppene.

Slik bestiller du time

- **Bestill på nett:**

Bestill time digitalt på helsenorge.no:

- **Bestill ved å ringe**

Du kan også bestille time ved å ringe vaksinetelefonen på **901 17 848**.

Telefonen er kun open i veke 43 og 44: måndag, tysdag og torsdag kl. 10:00-12:00 og 13:00-15:00.

Når kan du få vaksinene?

På Evje: På Evjeheimen (ved kafeteriaen)

- tysdag 5. november kl. 14:00-19:00
- onsdag 6. november kl. 09:00-15:00

På Bygland: I kommunestyresalen på kommunehuset

- torsdag 7. november kl. 09:00-15:00

Hva koster vaksinene?

Koronavaksine er gratis. Influensavaksine koster kr. 320,- Vi tar kun betaling med kort.





NYTT FRÅ EININGANE

>>> SAMFUNN



Folkemøte i Grendi 17. oktober

Bygland kommune inviterer til folkemøte på Grendi skule torsdag 17.10. kl. 17.00 – 19.00



Vi ser med glede at det er ei positiv utvikling i Grendi med auka barnetal. Det gir eit auka behov for gode og nære møteplassar.

Vi ønskjer å få innspel til korleis vi saman kan ruste opp området ved Grendi skule med fokus på aktivitet, trivsel og samhald. Hovudfokus er leikeområde/uteområde.

Alle er velkomne, men vi oppfordrar spesielt barneforeldre om å møte.

Bilete av Grendi skule tatt frå Setesdölen

>>> OPPVEKST



Ny kommunalsjef oppvekst: Simon Ellingsberg

Simon Ellingsberg, ny oppvekstsjef i Bygland kommune har starta i stillinga i 1. august og har komet godt i gang med arbeidet sitt. Han presenterer seg sjølv på s. 4.

Me ønskjer Simon hjarteleg velkomen til Bygland!



Flaskeinnsamling 15./16. oktober i Bygland til inntekt for Polenturen 2025

Om ettermiddagen tysdag 15. og onsdag 16.10. reiser 9. klasse elevar og foresette rundt i heile kommunen og samlar inn panteflaskar til inntekt for Polenturen neste sommar. Har du tomgods kan du sette det ut på trappa.

**Tar vel imot dem og takk
for støtta!**



9.KLASSE VED BYGLAND SKULE SAMLER TOMGODS TIL POLENTUR!

OM DU ØNSKER Å HJELPE DEI,
KAN TOMGODS SETTES UT PÅ
TRAPPA . SÅ KJEM ELEVANE
RUNDT TYS 15 & ONS 16 OKTOBER
ETTER KL 17.00

PÅ FORHAND
TUSEN TAKK
FOR STØTTA ❤️





KULTUR

Bygland bibliotek

Biblioteket er nå ferdig oppussa, og vi er klare for å flytte inn møbler og bøker i veke 40/41.



Det er mange bøker som skal flyttast, så vi er heldige som får hjelp av frivillige til dette. Fylkesbiblioteket vil og bistå i arbeidet med å kome på plass. Følg med for opningsdato.

Bygland ungdomsklubb

Ungdomsklubben nærmer seg og ferdigstilt i disse dagar. Det skal byggast ein liten scene, og nokre benker ved vindaugget, og så er vi klar til innflytting av nye møblar.



Utstilling i gamle bankhvelvet på Bygland

For 2 år sida hadde vi ei fantastisk utstilling av gullfunnet i det gamle bankhvelvet. Den 26.10. blir det ny utstilling om Bygland i vikingtida. På kulturscena blir det Europeisk kulturminnekonferanse. sjå også s. xx

Har du innspel til IFK-planen (idrett, friluftsliv & kulturbygg) sitt handlingsprogram for 2025 - 2027?

Vi inviterer privatpersonar, lag og organisasjonar til å kome med innspel til IFK-planen sitt handlingsprogram for 2025 - 2027. Alle som har planar om å søke spelemidlar for 2025 eller seinare, bør spele inn sine behov. Fristen til å kome med innspel er 1. november 2024. Du kan sende inn innspel via skjema på heimesida.



Bygdekinoen



17:30

Den ville roboten
6 år • 110 Kr
Familiefilm, Animasjon
1t 41m



19:30

Quislings siste dager
12 år • 130 Kr
Drama
2t 26m

Onsdag 09.10
Bygland Kulturscene

Bygdekinoen.no – Et tilbud fra Film & Kino
Kjøp billett på nett!

KINO PÅ BYGLAND

Bygdekinoen på Bygland kulturscene, onsdag 09.10.

- kl. 17.30: Den ville roboten (6 år)
- kl. 19.30: Quislings siste dager (12 år)

Bygland filmklubb - søndag 13.10.

Framsying på Bygland kulturscene

SØNDAG 13.10 KL: 19:00

A STAR IS BORN (2018)

ALDERSGRENSE: 9 ÅR

DRAMA/MUSIKK M/LADY GAGA OG
BRADLEY COOPER





BYGLAND I VIKINGTIDA

Bygland i vikingtida - utstilling i gamle bankhvelvet i Bygland sentrum, 26. oktober kl. 11.00

Korleis levde menneska i Bygland i vikingtida?

Den 26.10. kan ein sjå kva kvinna frå Nese og mannen frå Frøysnes fekk med seg da dei vart gravlagde på vikingers vis for meir enn 1000 år sidan. Kom og sjå dei vakre smykka og flotte våpna, blant anna vikingtidssverdet frå Frøysnes.

Det vil bli høve til å få smaksprøver på mat og drikke frå vikingtida.

Utstillinga er eit samarbeid med **Kulturhistorisk museum i Oslo**.

Kulturhistorisk museum driv forskning på høgt internasjonalt nivå og er Noregs leiande forskingsmuseum innan kulturhistorie.



BILETET VISER EI «ØYEPERLE» FRÅ SMYKKET TIL KVINNA FRÅ NESE.

LAURDAG 26. OKTOBER
kl. 11.00 Utstillingsopning
kl. 13.00 Europeisk
kulturminnekonferanse



Program for utstillinga:

kl. 11:00 Velkomen til Jubileumsdagen, ved Ordførar i Bygland, Runar Flåt Granheim

Åpning av Jubileumsdagen ved 1. Visepresident i Stortinget, Svein Harberg

Musikkinnslag

Åpning av utstilling om Bygland i Vikingtida, i samarbeid med Kulturhistorisk Museum, ved Ass. dir. Karl Kallhovd, Kulturhistorisk Museum.

Etter åpning av utstillinga blir det Europeisk Kulturminnekonferanse i anledning 70års-jubileet til Den europeiske kulturkonvensjonen på Bygland kulturscene

Utklipp frå NRK online innslag: Stiller ut vikinggravfunn fra Bygland, av Miriam Grov, 27.09.2024

«Prinsessegraven» på Nese


Den ene graven, er den såkalte «Prinsessegraven» på Nese. Den ble gravd ut i 1958.

Gjenstandene fra den såkalte prinsessegraven i Bygland ble vist slik på museet i Oslo tidligere. Nå skal funnet for første gang vises på hjemmebane.

– Det var nok ingen prinsesser i Norge i vikingtid. Prinsesse var heller et begrep man brukte om en veldig høytstående ung kvinne senere i middelalderen, sier arkeolog Ingvild Solberg Andreassen ved Kulturhistorisk museum i Oslo.

I denne graven er det funnet smykker, spenner, litt tekstilutstyr og et vakkert perlekjede, sier arkeologen. Kvinnen er trolig gravlagt en gang på 800-tallet.

Bilete til høgre: Vidar Toreid / Setesdal Sogelag





BYGLAND I VIKINGTIDA - EUROPEISK KULTURMINNEKONFERANSE

Europeisk Kulturminnekonferanse laurdag 26.10. kl. 13.00, Bygland kulturscene - program:

Møteleiar, Torbjørn Frøysnes, Norges tidl. Ambassadør til Europådet

kl. 13:00 Velkomen; Ordførar Runar Granheim

Offisiell åpning ved Europarådet; Ambassadør Jonas Mazeika, Litauen. Formannskapslandet i Europarådet.

Sikring av vår kulturarv i krevjande tider; Leiar for Europarådets Styringskomité for kultur, kulturarv og landskap, Utredningsleder Terje Birkrem Hovland, Klima- og miljødepartementet.

Folkemusikk frå Setesdal

Kulturminnedagene 2024: Styreleder Jørn Holme, Kulturvernforbundet

Kulturminnevernet i Agder; Fylkesordførar Arne Thomassen

Aust Agder museum og arkivets arbeid i Agder og Setesdal; Direktør Ellen Aslaksen

Folkemusikkinnslag, stev og dans frå Setesdal

Kaffepause

Vikingtida i Bygland: Kvinneprofilar og krigarar for 1000 år sidan

Møteleiar for fagseminaret: Prosjektileiar, arkeolog Ingvild Solberg Andreassen

- **Gravene på Nese og Vikingtid i Setesdal - Makt, handel og ritualer;** Prof Emeritus Jan Henning Larsen:

Kunstnarleg : Voluspå og musikk

- **Vikinganes verden – tru og mytologi;** Arkeolog Ellen Marie Næss, Norsk Vikingtidsmuseum
- **Kven var kvinna på Nese?** Arkeolog Marianne Eldorhagen, Aust-Agder museum og arkiv og Arkeolog Ingvild Solberg Andreassen, KHM
- **Kven var krigaren på Frøysnes?** Arkeolog Marianne Moen, Avd leder, Avd for arkeologi, KHM
- Seksjonssjef Snorre Haukalid, Agder fylkeskommune, i samtale med Ass- kommunedirektør Aslak Jørundland Brekke, Bygland kommune, om **kulturminnearbeidet og utvikling av nye attraksjonar og minnesmerke i kommunen**
- **Heimstadkunnskap om kultursoga, ved Bygland skule;** elvemedvirking og framsyning av elevarbeid

Folkemusikkinnslag, stev og dans frå Bygland og Setesdal

Avslutning: Møteleiar/ Moderator

Bilete til høgre: Det var her på Neset på Bygland "viking-prinsessa" vanka i sine dagar. Fotograf: Erna M. Norland





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Postadresse: Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745 Bygland,

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no.

Nettside: bygland.frivilligsentral.no

Besøksadresse: Presteneset 2, 4745 Bygland

Ansvarleg for Bygland frivilligsentral og BUA Bygland:

Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12.00 -14.00 (07. og 21.10.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (08. + 22.10.)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (01., 15. + 29.10.)
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (03. + 17.10.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. torsdagar kl. 15.00 (Oppstart 10.10.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30
- Teppebowls: torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30; (03., 17. + 31.10.)

Aktivitetar på Pakkbua på Byglandsfjord

- Seniorsenter: måndagar i oddetallsveker, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (07. + 21.10.)

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

- mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)
- mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)
- ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

1x/månaden: Fredagsklubb i Årdalshallen

kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 25.10.)



LAN/Datatreff: fred 18.10. kl. 17 - laur 19.10. kl. 12, Bygland kulturscene

Bowling på Evje: mån 21.10., Evje bowlingsenter

Sjekk vår Facebook-side Bygland Ungdomsklubb for påmelding!





FORENINGSPORRTALEN I BYGLAND



Bygland har eit rikt frivillig liv. Vi har 63 lag og foreningar i kommunen.

I foreningsportalen kan du finne ut kva for lag og organisasjonar som finnst i Bygland. Du kan også finne kontaktopplysningar og kva og kor tid dei ulike har aktivitetar.

Foreningsportalen er ei oversikt over alle lag og foreningar i Bygland kommune, og dei interkommunale laga som også gjeld i Bygland.

Bygland frivilligsentral er lag og foreningar sin kontakt i kommunen. Leiar i frivilligsentralen, Anne Fauske, hjelpar deg både meg å kome i gang med foreningsportalen, og har tips om moglegheitane til å søke tilskot ved dei ulike institusjonene.

Foreningsportalen gjer deg informasjon om dei ulike laga, og om kven ein kan kontakte. Den skal vere til hjelp for lag og foreningar til å vere synlege, og gjere det lettare for innbyggjarane å kome i kontakt med lag og foreningar. Dette er ikkje bare ei god møteplass for nyinnflyttarar, men også for Byglendingane som har lyst til å prøve noko nytt.

Foreningsportalen har ein aktivitetskalender. Her kan kvart lag leggje inn kva for aktivitet dei har, kor og når. Ein kan leggje inn langt fram i tid. Difor treng du ikkje logge på ofte.

Laga må sjølv leggje inn denne infoen, samt halde portalen oppdatert mtp kontakthinformasjon.

Frivilligsentralen nyttar kontakthinfo frå portalen som informasjonskanal. Difor er det også viktig at informasjonen stemmer.

For å redigere portalen får du ei kode på sms av Frivilligsentralen.

Deretter går du til www.bygland.foreningsportalen.no. Der finn du ditt lag, og legg inn koda frå sms der det står: "rediger med kode" nederst til høgre.

Dersom du treng hjelp, ikkje nøl med å ta kontakt med Frivilligsentralen på e-post eller på telefon! post@bygland.frivilligsentral.no - Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70





TV-AKSJONEN I BYGLAND



Bygland Frivilligsentral koordinerer TV-Aksjonen 2024 søndag 20. oktober.

Saman for små heltar!

Årets TV-aksjon gjeng til Barnekreftforeninga, som skal etablere familiehus ved universitetsjukehusa i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. Her kan barn med alvorleg sjukdom og familien deira bu saman i den tida barnet får behandling. No kan melde deg som bøssebærer.

Me legg opp til bøssehenting og levering både på Bygland og på Byglandsfjord. Her vil du og få kake/ vafflar/kaffe/te gratis!

Me håpar at mange vil melde seg til **ÅRETS VIKTIGASTE SØNDAGSTUR den 20. oktober.**

Dersom lag og foreninger også vil bidra, vert me veldig veldig glade for det.

Kva du kan bidra med kan du få tips til på nettsida

tvaksjonen.no: [Organisasjoner](#) | [NRK TV-aksjonen 2024](#)



Vi treng fleire bøsseberarar!

Vi manglar framleis bøsseberarar. Vi treng flest sør og nord i kommunen no. (Byglandsfjord spesielt).

Vi vil gjerne ha med deg! Ta med deg barna eller barnebarna dine og gi dei ei god oppleving av korleis det er å gjere noko fint for andre. Kanskje skal du uansett ta deg ein tur med hunden eller gå den faste søndagsturen? Kvifor ikkje ta med ei bøsse på turen?

Meld deg som bøssebærer på Bygland frivilligsentral si nettsida:

<https://bygland.frivilligsentral.no/>

Lommelykttur på Byglandsfjord!

Årets lommelykttur rundt Vassend i samband med tv-aksjonen blir **torsdag 17.oktober.**

Start mellom kl.18.30-19.00

Møt opp med hovudlykt eller lommelykt og følg refleksløypa. Undervegs vil det vere ei oppgåve. 5.-7.kl. lagar til Kahoot.

Vi tenner opp bål ved gapahuken. Du må gjerne ta med deg bålmat til kveldsmat.

Vi oppfordrer til å betale kr.30 pr.person men du må gjerne bidra med meir. Vipps eller kontant. Dette er ein pakkepris med refleksløype, 1 kakestykke, saft eller kaffe. Inntektene går til TV-aksjonen.


Alle er hjerteleg velkomne. Ta gjerne med naboen, besteforeldre eller andre du kjenner.

Med helsing oss på Byglandsfjord skule

Bygland skule

Bygland skule viser også innsats til inntekt av TV-aksjonen:

- 7 klasse vil selje pizzasnurrar til dei andre elevane
- 1.-4. klasse sel vafler på kommunehuset



Tusen takk til alle for innsatsen! Dette blir kjempe bra!





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 Bygland
bygland.kyrkelyd.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTER

- **sundag, 13.10. kl. 11:00: Diakonens dag, Sandnes kyrkje, Åraksbø**

med Kjell Steinbru, Knut Olav Uppstad, Åse Gudrun Thortveit og Vonheimkoret. Komper i grendehuset etter gudstenesta.



ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 08.10. og 22.10. kl. 14:00**

KVELDSMØTE

- **Åraksbø grendehus: tysdag 08.10. kl. 19.00:** Kveldsmøte med Gunanr Jeppestøl
- **Vonheim bedehus: torsdag 17.10 kl. 19.00** Kveldsmøte med Åge Solsvik
- **Åraksbø grendehus: onsdag 23.10. kl. 19.00** Kveldsmøte med Åpne Dører

KONFIRMANTUNDERVISNING

- **tysdag 21.10. kl. 14:30,** Vonheim bedehus, Bygland

KONSERT MED INGAMAY HÖRNBERG


Bygland sokneråd i samarbeid med Skjærgårdssang inviterer til

KONSERT MED INGAMAY HÖRNBERG

i Bygland kyrkje **sundag 3. november kl. 19.00**

Etter konserten serverer me kyrkjesuppe. Takkoffer.

Velkomen til konsert!





>>> TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTOMING - OKTOBER 2024

- Matavfall og restavfall: veke 42: torsdag 17.10.
- Papir og plast: veke 44: tysdag 29.10.
- Matavfall og glass/metall: veke 44: torsdag 31.10.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (09.10.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (26.10.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (12.10.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no; tlf.: 37 93 17 00

YMSE

>>> STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR

STOGA kulturkafe og BYGLAND TURISTKONTOR
Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;
på FB: facebook.com/StogaAS

- kvar fredag og sundag kl. 13:00 - 20:00


På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. xx)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

Bygland museum, Presteneset, Bygland.

Opningstider: kvar sundag kl. 11.00 - 17.00

Booking for guida tur: tlf. 907 81 105



**Bjoren
Brygge**
1 Oktober

laur 12. priv arr

fre 18. LIVE music quiz

**laur 19. after run
rosa sløyfe**

laur 26. open pub

Husk middag
på torsdager, sjå eigen meny.
for bestilling SMS 93262168

>>> BJOREN BRYGGE

**Kafé, ølhage, live musikk rett ved
Byglandsfjorden!**

Presteneset 12, 4745 Bygland
Kontakt: Nina Bygland, tlf. 932 62 168;
på FB: [bjorenbrygge](https://facebook.com/bjorenbrygge)





YMSE

>>> MUSIKK

Kong Hanes Eftf.

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.30 - 21.30; musikkrom på Bygland skule

Byglandsfjord barnekor

Øving måndagar i oddetalsvekane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord

Bygland hornmusikk

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene



>>> ROSA-SLØYFE-LØP PÅ BYGLAND 19.10. KL 12.00

Bygland Husflidslag farger bygda rosa laurdag 19. oktober med lokalt Rosa sløyfe-løp på Bygland.

Henting av startnummer frå kl 12, løpstart kl 13. Oppmøte ved Joker.

Løype på 3 og 6 km i den fine bygda vår! Du kan gå eller løpe.

Inviter med familie, venner eller kollegaer. Me lover god stemning -

det blir musikk, oppvarming og After-run på Brygga på kvelden (eige arrangement). Kom og bli med på eitt fint arrangement samtidig som du støtter en god og viktig sak

LINK til påmelding: rosasloyfelopet.no/ildsjel/rosa-sloyfe-lop-bygland/



SLØYD TIL SALS PÅ BYGLAND KOMMUNEHUS

Det står nydelige sløyd produkter til ein god pris ved

publikumsmottaket på Bygland kommunehus. Sløyden blei

laga på dagsenteret på Byglandsfjord. Det er flotte gaver til

barn eller til pynt som passer godt som bursdags- eller

jolegave.

Betaling via Vipps #827091 (Psykisk helse).

- Vugge 400kr - Barnestol 300kr - Stor eske 200kr



REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 62

REDAKSJON

- Redaktør: Susanne Hegenscheidt
- Ansvarleg redaktør: John Salve Sigridnes


BILETE

- Framside: Kvålsnapen sett frå Neset/Erna M. Norland
- Redaksjonsnotat: Den Bjoren-tomme brygga på Bygland/S. Hegenscheidt
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt, A. Løyland, A. Fauske, pixabay.com
- Kva skjer: Oseløya på Bygland museumstun / S. Hegenscheidt

Byglandsnytt november 2024: 01.11.2024, skrivefrist 28.10.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt





KVA SKJER I BYGLAND OKTOBER 2024

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Oseløya ved Bygland museumstun - Foto: Susanne Hegenscheidt

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
sundag 13.10.	Sandnes kyrkje, Åraksbø; Åraksbø grendehus	kl. 11.00	Diakoniens dag, gudsteneste og kyrkjelunsj
	Bygland filmklubb; Bygland kulturscene	kl. 19.00	Film: A star is born
torsdag 17.10.	Bygland kommune, samfunn; Grendi skule	kl. 17-19	Folkemøte i Grendi (sjå. s.6)
fredag 18.- laurdag 19.10.	Bygland ungdomsklubb; Bygland kulturscene	kl. 17-12	LAN / Datatreff
laurdag 19.10.	Valle kommune og Setesdal Sogelag; Hylestad soknehus	kl. 11-17	Unesco Setesdal: rekrutteringsdag på Rysstad
	Bygland husflidslag, Joker Bygland	kl. 12 - 14	Rosa sløyfe-løp på Bygland
sundag 20.10.	Bygland frivilligsentral; heile kommunen	heile dagen	TV-aksjonen - bøssebærar går rundt
åndag 21.10.	Bygland Ungdomsklubb	om kvelden	Bowling på Evje
tysdag 22.10.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Andakt
	Bygland frivilligsentral	kl. 16-17.30	Bygdemiddag
tysdag 31.10.	Byglands barn og ungdom	om kvelden	Halloween



FAMILIEBADING OG BADSTOGA OPNAR ATT - GRATIS!

TYSDAGAR OG FREDAGAR KL. 17 -20, SYMJEHALLEN PÅ BYGLAND SKULE

